

Utval	Utvalssak	Møtedato
Utdanningsutvalet	UU 06/15	11.02.2015

UU 06/15 Tverrgående strategisk prosjekt (2015/)

Kva saka gjeld

Det vert gitt ei orientering om fire tverrgående prosjekt under tverrgående handlingsplan.

Bakgrunn

Universitetsstyret vedtok i møte 13. juni 2013 med justeringar i møtet 3. oktober same år, tverrgående handlingsplan for UiS for 2013 - 2017. Handlingsplanen er heimla i universitetet sin strategi. I handlingsplanen er det oppretta fire institusjonelle prosjekt:

- Innovasjon og entreprenørskap som tverrgående satsingsområde for integrering i studieporteføljen og stimulering av studentenes entreprenørskapsaktiviteter
- Studentaktiv læring og moderne undervisningsformer
- Samfunnskontakt, triple helix-samarbeid og UiS som regional drivkraft
- Internasjonalisering gjennom studentutveksling, herunder utveksling med ECIU-partnere

For kvart prosjekt vart det etablert ei arbeidsgruppe som fekk mandat til å leggja fram plan for implementering av prosjekta i institusjonen. Arbeidsgruppene har nå avslutta arbeidet sitt i fylgje mandata. Planane for dei fire prosjekta er vedlagde denne saka.

Utdanningsutvalet gjorde i sak 39/40 (5. november 2014) m.a. fylgjande vedtak:

Utdanningsutvalget ber om at det legges frem en egen sak (alternativt eget møte) til utdanningsutvalget om de tverrgående prosjektene og arbeidsgruppenes prosesser, arbeid og progresjon.

I same møte, sak 40/14, gjorde utvalet fylgjande vedtak:

Utdanningsutvalget godkjenner fremlegget til plan for utvalgets arbeid i 2015. Det føyes til et punkt om tverrgående strategiske prosjekter til utvalgets arbeidsplan for 2015. Planen blir sendt til AØV med utvalget sitt innspill til PVO-prosessen (plandelen).

Utdanningsdirektøren si vurdering

Tverrgående handlingsplan har utgangspunkt i universitetet sin strategi og er vedteken av styret. Rektor har gitt arbeidsgruppene mandat til å leggja fram planar for prosjekta. Planane er oversende til oppdragsgjevar og skal leggjast fram i rektormøtet. Utdanningsdirektøren ser at det er lagt ned eit stort og viktig arbeid med planane.

Utdanningsutvalet har gitt klare vedtak om at tverrgående prosjekt skal stå på utvalet sin plan for arbeidet i 2015. Utdanningsdirektøren legg nå saka fram for utvalet til orientering og diskusjon.

Dette er fyrste gong prosjekta i tverrgående handlingsplan vert presenterte for Utdanningsutvalet. Utvalet skal i fylgje eige mandat vera rådgjevande organ for universitetsstyret i utdanningsstrategiske spørsmål og skal ta initiativ til og koordinera strategisk utviklingsarbeid ved institusjonen. Utdanningsdirektøren føreslår difor at utvalet kjem tilbake til sak om korleis dei tverrgående prosjekta kan verta inkluderte i det pågåande arbeidet med utvikling av utdanningskvalitet ved UiS. Det vert her vist til andre hovudpunkt i utvalet sin plan for 2015: Arbeidet med kvalitet i utdanningane.

Framlegg til vedtak:

Utdanningsutvalet tek planane for tverrgående prosjekt til orientering.

Stavanger, 03.02.2015



Kristofer Henrichsen
utdanningsdirektør

Eilef J. Gard
seniorrågevar

Vedlegg:

Tverrgående handlingsplan
Planer for tverrgående prosjekt